

Tidleg innspelsrunde – revidering av forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har vedteke å starte revisjon av forvaltningsplanen for verneområdet. Desse forvaltningsplanane har normalt ei levetid på opp til 10 år. Den gjeldande planen er frå 2015, men mykje av materialet i planen stammar frå tida rundt 2010. Styret har derfor vedteke å starte revisjonen no, og målet er å ha på plass ein ny forvaltningsplan i god tid til 2025.

Den reviderte forvaltningsplanen vil både bli produsert og lagra i eit digitalt system som heiter Forvaltningsplaner for verneområde på nett (FPVN) som Miljødirektoratet har utvikla.

I revideringa vil vi ta utgangspunkt i den gjeldande forvaltningsplanen, og so oppdatere, justere og fornye det som står i den. Den gjeldande forvaltningsplanen finn du her:

[Forvaltningsplan-for-Naustdal-Gjengedal-landskapsvernomrade.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](https://www.nasjonalparkstyre.no/forvaltningsplan-for-naustdal-gjengedal-landskapsvernomrade.pdf)

Sentrale spørsmål i tidleg innspelsrunde:

- Er det feil eller manglar i faktagrunnlaget som forvaltningsplanen bygger på?
- Har regelverk eller andre rammevilkår som planen bygger på eller viser til, endra seg sidan 2015?
- Har det vore vesentlege endringar i naturtilstanden i verneområdet sidan 2015?
- Har det vore vesentlege endringar i bruken av verneområdet sidan 2015?
- Er det tema i forvaltningsplanen som bør få meir eller mindre fokus?
- Er det behov for oppdaterte og/eller meir konkrete retningslinjer på nokon fagfelt/brukarinteresser?